



Årsrapport for Folkehelseavdelinga 2017



Innhald

1. Innleiing	3
2. Organisasjonskart Flora kommune	4
3. Økonomi	5
4. Kompetanse	6
5. Miljøretta helsevern.....	6
5.1 Skular og barnehagar	7
5.2 Inneklima	7
5.3 Hud og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering	7
5.4 Badeanlegg, boblebad og badstu	8
5.5 Radon	8
5.6 Asylmottak	8
5.7 Forureining- og støy.	8
5.8 Solarier	9
5.9 Kjøletårn etc, Legionella	10
5.10 Campingplassar	11
6. Smittevern	11
6.1 Tuberkulosekontrollprogram	11
6.2 Pandemiplan	11
7. Folkehelse/samfunnsmedisin.....	12
8. Plan for 2018	13

1. Innleiing

Lov om folkehelse set strengare krav til det førebyggjande helsearbeidet i kommunane. Føremålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Flora kommune har frå 01.01.13 vore vertskommune for eit interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse. Arbeidet vert utført av Folkehelseavdelinga i rådmannen sin stab i Flora kommune og har kontor plass på Rådhuset i Florø.


Samarbeidet skal bidra til å oppfylle kommunane sitt ansvar til innbyggjarane i høve miljøretta helsevern, smittevern og førebyggjande samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse.

Flora kommune vil takke for godt samarbeid med alle kommunane.

Florø februar 2018

Elisabeth Solheim
Leiar Folkehelseavdelinga

2. Organisasjonskart Flora kommune



Folkehelseavdelinga er organisert i Kvalitet og utvikling i rådmannen sin stab.

3. Økonomi

I tabellen under viser vi årsresultatet for avdelinga i 2017. Det er fondsavsett kr. 776000,-. Bruken av det akkumulerte overskotet frå driftsåra 2016-2017 går inn i driftsåret 2018 og evt utbetaling vert diskutert med rådmennene .

1 FLORA KOMMUNE (2018) - År/Periode 2017 1 - 14

	Buds(end) 2017	13.02.2018 Regnskap 2017
Tenester: 131050 Interkom. Folkehelseavd.		
10101 Fast løn til fast tilsette	2.880	2.234
10901 PENSJONSINNSKOT KLP	427	221
10902 PENSJONSINNSKOT SYKEPLEIERE	0	68
10991 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	466	348
11180 MATSERVERING VED KURS/OPPLÆRING	0	2
11215 HOTELLOPPHALD(UTANOM KURS/OPPLÆRING)	0	2
11216 Konferanseavgift	0	2
11298 Internadministrative kostnader	0	240
11303 TELEFONUTGIFTER	0	0
11351 ETABLERING/BRUK AV INTERNETT	0	0
11505 KURSAVGIFTER/HOTELLOPPHALD	100	23
11605 REISE, DIETT OG BILGODTGJ. TILSETTE	100	27
11770 REISEUTGIFTER(IKKJE OPPG.PL)	0	36
11990 KONTINGENTAR	0	1
14291 Moms generell komp.ordning	0	4
15501 AVSETNINGER TIL BUNDNE FOND	0	776
16901 INNTEKTER AV FORDELTE UTGIFTER	-500	-571
17102 REFUSJON SJUKEPENGAR	0	-65
17501 REF. FRÅ KOMMUNAR	-3.473	-3.402
Sum tenester: 131050 Interkom. Folkehelseavd.	0	-55
TOTALT	0	-55

4. Kompetanse

Folkehelseavdelinga har i 2017 hatt 2,9 årsverk fordelt på 4 personar. Kjell-Arne Nordgård har hatt eitt års utdanningspermisjon i 2017.

Avdelinga har brei samansett kompetanse. To sjukepleiarar, ein har vidareutdanning som helsesøster og ein som intensivsjukepleiar. Avdelinga har òg rettleiingskompetanse. I avdelinga har vi bioingeniør og lege med spesialistutdanning som samfunnsmedisinar og allmennlege. Ein lege er under utdanning som samfunnsmedisinar. Tre er tilsett i andre kommunale stillingar noko vi meiner berikar fagmiljøet. Vi ser at samansettinga i avdelinga dekkjer det nødvendige innanfor vårt ansvarsområde.

Folkehelseavdelinga vil i 2018 ha ansvar for 11 kommunar. I desember 2017 sa Jølster og Selje kommune opp samarbeidsavtalen med Folkehelseavdelinga gjeldande frå 2019. Grunngevinga for dette er innsparingstiltak, samt at ein ynskjer å omorganisere for å tilrettelegge for å ivareta desse oppgåvene sjølv i ny kommunestruktur. Personalsituasjonen og plan for vidare arbeid i avdeling skal drøftast og avklarast i møte med rådmenn slik at avdelinga kan planlegge arbeidet vidare.

5. Miljøretta helsevern

Miljøretta helsevern omfattar dei faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helse. Desse omfattar mellom anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar.

Arbeidet til Folkehelseavdelinga omfattar tilsyn med faktorar i miljøet som kan ha innverknad på helse. Dette gjeld både private og offentlege verksemdar og omfattar støy, inneklime, luftkvalitet, stråling, forureining samt førebygging av ulukke og skader.

Folkehelseavdelinga er eit forvaltningsorgan som har fått delegert mynde til å føre tilsyn og fatte vedtak om retting etter ei rekke føreskrifter. I tillegg til sakshandsaming av enkeltsaker arbeider vi med informasjon og rådgjeving knytt til alle felt innan miljøretta helsevern.

I utvikling av kommunedelplanar og reguleringsplanar har Folkehelseavdelinga ynskt å verte meir involvert. I løpet av 2017 har fleire kommunar nytta vår kompetanse i plansaker. Det er likevel slik at enkeltkommunar nyttar seg av dette tilbodet meir enn andre kommunar. Avdelinga har òg hatt ei ordning internt der tilsette har hatt ansvar for å orientere seg via heimesider og media for å få større innsikt i aktuelle pågåande saker. På denne måten får vi høve til å komme inn i høyringsrunden. Avdelinga har likevel eit ynskje om å komme tidlegare inn i planoppstartsfasen. Vi har utfordra kommunane om å invitere oss inn til faste møter for å bli tidleg orientert og bli ein del av kommunane si saksbehandling. Vi har gjeve uttale i plansaker i Vågsøy, Førde, Fjaler, Gaular, Stryn og Flora kommune.

5.1 Skular og barnehagar

Alle skular og barnehagar har no hatt tilsyn etter føreskrift om miljøretta helsevern. Nokre einingar har fått pålegg som ein del av godkjenningsprosessen og vert fulgt opp vidare. Alle einingane har gjennomført CO₂-målingar/inneklimatemålingar i 2016, men fleire einingar har vorte fulgt opp vidare i 2017. Folkehelseavdelinga har sjølv gjort nye målingar i dei skulane og barnehagane som har hatt dårlege verdiar eller ikkje hatt god kvalitet på målingane.

Etter gjennomført tilsyn og godkjenning av skular og barnehager har kommunane fått tilsendt tilstandsrapport. Selje, Stryn og Vågsøy får tilsendt denne når saksbehandlinga er avslutta på alle einingane. Rapporten er ei fagleg vurdering av uteområdet og bygga si fysiske utforming/inneklima utifrå krav i føreskrift om miljøretta helsevern. Rapporten er tenkt som ei hjelp til administrasjon og politikarar i høve prioriteringar av nødvendig, større vedlikehald og rehabilitering. Manglande resultat av CO₂ målingar, dårlege inneklimatemålingar og andre tilhøve har seinka prosessen med å få ferdigstilt rapporten i nokre kommunar.

Samarbeidet med skular og barnehager har fungert godt og vi opplev å verte tekne vel imot ute i kommunane. Fleire skule- og barnehageleiarar tek kontakt per telefon eller e-post for å be om faglege råd og rettleiing i etterkant av godkjenningsrunden og når nye problemstillingar kjem opp.

Når skular og barnehagar planlegg rehabilitering eller ombygging/nybygg vert vi i for liten grad trekt inn i prosessen. Folkehelseavdelinga skal involverast i planarbeid og gje uttale og godkjenning i høve dette.

5.2 Inneklima

Avdeling gjev råd og rettleiing om innemiljøproblem knytt til fukt, varme, ventilasjon, lysforhold, og materialbruk. Vi har tilsyn med røykebestemmelsar i off. bygg og serveringsstader. Inneklima har stor merksemd i arbeidet med tilsyn- og godkjenning av skular og barnehagar.

Avdelinga har fått henvendelse frå fleire kommunar vedrørane inneklima og arbeid med fleire konkrete saker.

5.3 Hud og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering

Kartlegging av verksemdar som driv med holtaking/piercing, tatovering, hud og fotpleie, frisørar, samt solarier er eit kontinuerleg arbeid. Det vart i 2014 og 2016 teke eit initiativ for å spore opp alle aktuelle verksemdene i kommunane. Desse har motteke informasjon om melde- og godkjenningsplikta. Vi ser at denne informasjonen òg sprer seg til nye etablerarar. Det er likevel ei utfordring å få gjort kjent krava til alle. Nrk lokalradio vart kontakta av avdelinga og kørde ei sak angående tatoveringsverksemdar i fylket, dette for å orientere folk om krava og risikoen ved å nytte tatoveringsstudio som ikkje er godkjende.

Det er gjennomført tilsyn og godkjenning av to tatoveringstudio i 2017.

Folkehelseavdelinga har ivareteke kommunane sitt ansvar i høve å informere og skaffe oversikt over aktuelle verksemdar som vert omfatta av føreskrifta.

5.4 Badeanlegg, boblebad og badstu

Kravet om tilfredsstillande helsemessige og hygieniske forhold er heimla i [Folkehelselova](#) / LOV 2011-06-24 nr.29 og i [Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v](#) / FOR 1996-06-13nr.592. Dette gjeld verksemdar eller anlegg som er opne for offentlegheit og/eller utleige. Føreskrifta gjeld òg badstu sjølv om den ikkje er knytt til badeanlegg eller bassengbad.

Folkehelseavdelinga har i 2017 fulgt opp alle anlegga som er omfatta av føreskrifta . Alle verksemdene har no levert meldeskjema og vort fulgt opp vidare.

5.5 Radon

Avdelinga har tidlegar inngått avtale med eit firma for levering av sporfilm for radonmåling til innbyggjarane i dei samarbeidande kommune. Denne er no reforhandla. Alle 13 kommunane, som har vore og er i samarbeid med Folkehelseavdelinga kan nytte seg av denne. Avtalen inneber at kvar kommune årleg får tilsendt resultat av målingane. Dette er knytt til gards- og bruksnummer og vil såleis gje ei oversikt over geografiske radonutfordringane i kommunen. Avtalen kan nyttast av alle, kommune og burettslag med større volum har fått noko betre prisar enn enkelthustandar.

Avdelinga har bidreg med informasjon og rettleiing i høve til handtering av radonutfordringar i enkeltkommunar.

Avdelinga har fulgt opp arbeidet med skular og barnehagar si dokumentasjonsplikt i høve radonnivået som ein del av godkjenninga etter føreskrift om miljøretta helsevern. Dei einingane som ikkje har slik dokumentasjon har fått pålegg om å måle radon. Radonutfordringar er generelt liten i vårt område, men nokre kommunar og områder har utfordringar der avbøtande tiltak må setjast i verk.

5.6 Asylmottak

Asylmottak er meldepliktige verksemdar etter forskrift om miljøretta helsevern.

Flyktningssituasjonen i Norge og Europa har endra seg sidan 2016 og 2017.

Kommunane har såleis hatt noko mindre pågang av tenester til denne gruppa. Vi har fulgt opp meldeplikta ved eitt asylmottak i 2017.

5.7 Forureining- og støy.

Folkehelseavdelinga bidreg med råd, rettleiing og eventuelle vedtak om retting vedrørande bygge- og anleggsstøy, støy frå tekniske installasjonar, bedrifter/industri, flystøy, fritids- og underholdningsstøy mm. Støysaker er ofte saker som har eit potensiale til å utvikle seg til konflikter mellom ulike interessegrupper, og gjerne med store konsekvenser og kostnader for kommunen, bedrifter eller einskild partar. Tidleg informasjon og rettleiing i desse sakene vil styrke kommunen si saksbehandling, og er heimla som eit lovkrav.

Avdelinga har behandla fleire støysaker i 2017. Det har kome henvendelsar frå innbyggjarar, dette gjeld oftast klager på støy frå næringsverksemd, industri eller naboar (støy frå varmpumper). Kommunane har òg i større grad nytta vår kompetanse i plansaker der mogleg støyforureining har vore vurdert.

Forureining

Folkehelseavdelinga er delegert mynde etter delar av lov om forureining og om avfall. Vi kan føre tilsyn med verksemder og gjev råd og rettleiing knytt til helseisikovurdering i høve:

- Drikkevassanlegg, kvalitet på badevatn, samt forhold i samband med utslepp og forureining av vatn og vassdrag.
- Skadedyrkontroll
- Overvaking og målerapportering av helse- og miljøskadelege gassar og svevestøv. Informasjon, råd og rettleiing om grenseverdiar, problemområder, status, planar og utvikling for luftkvalitet.
- Hygieniske forhold ved dyrehald i tettbygd strøk
- Hygieniske forhold i samband med renovasjon og avfallshandtering, kontroll med forsøpling bl.a. bilvrak.

I tillegg kartlegging av forureining i jord og byggegrunn, behandling av tiltaksplanar ved terrengingrep på forureina grunn i henhald til forureiningsførskrifta kapittel 2.

Avdelingar har gjeve rettleiing til fleire kommunar om korleis forsøpling i og rundt private hus kan handterast. Det har òg vore gjennomført synfaring ved klager om rotter i bustadområde.

5.8 Solarier

Folkehelseavdelinga har tidlegare kartlagt solarieverksemder i kommunane, dette arbeidet vart gjort i Nordfjordkommunane i 2016. Dei verksemdene som er kartlagt har fått informasjon om meldeplikt. Det syner seg at mange ikkje er klar over melde- og godkjenningssplikta og det må drivast eit aktivt informasjonsarbeid i høve dette. Etter revidering av Strålevernføreskrifta var det frå 01.01.2017 innført krav om system for alderskontroll ved solsenter eller andre verksemder som tilbyr solarium. Folkehelseavdelinga har fulgt opp dette og sendt informasjon til alle som tilbyr denne tenesta.

Det vart i regi av Statens strålevern gjennomført ei landsdekkande tilsynskampanje ved solarieverksemder hausten 2017. Hensikten med tilsynet var å kontrollere om verksemdene tilfredsstilte krava til alderskontroll samt korvidt ansvarleg for drift av verksemda hadde gjennomført solarieprøven. På bakgrunn av ROS-analyse beslutta Folkehelseavdelinga å gjennomføre tilsyn ved tre verksemder.

Oversikt over verksemder:

I fleire kommunar har vi ikkje greidd å finne aktuelle verksemder eller kontaktpersonar til verksemder som kan vere aktuelle.

	Antal verksemder som er kartlagt	Antal verksemder det er gjort tilsyn ved i 2015	Antal verksemder det er gjort tilsyn ved i 2017
Askvoll	0		
Bremanger	3 (-1 etter tilsyn)	3	
Fjaler	1(nedlagt etter tilsyn)	1	
Flora	3	3	1
Førde	2	2	1
Gaular	0		
Høyanger	1	1	
Jølster	1	1	
Naustdal	0		
Selje	0		
Solund	0		
Stryn	2		
Vågsøy	1		1

Verksemder som har gjeve tilbakemelding om nedlagt verksemd er ikkje inkludert i tabellen over.

5.9 Kjøletårn etc, Legionella

Folkehelseavdelinga har ansvar for å halde oversikt og innhente opplysningar om alle meldepliktige verksemder i vårt område. Dette gjeld verksemder som direkte eller indirekte kan spreie legionellaforureina aerosol til omgjevnadane, utandørs eller innandørs etter "*Forskrift om miljørettet helsevern*" og "*Forebygging av legionellasmitte- en veiledning, 2012*". Det er gjort ei kartlegging av alle aktuelle verksemder og fulgt opp med informasjon om meldeplikt og krav om sertifisering hos eit akkreditert tilsynsorgan.

Oversikt over verksemder:

	Antal verksemder som er kartlagt	Antal verksemder det er gjort tilsyn ved	Antal verksemder det er gjort tilsyn ved 2017
Askvoll	0		
Bremanger	0		
Fjaler	0		
Flora	2* (Eitt kjøletårn er ikkje ikkje i drift)	1	
Førde	0		
Gaular	0		
Høyanger	1		1
Jølster	0		
Naustdal	0		
Selje	0		
Solund	0		
Stryn	0		
Vågsøy	1		1

5.10 Campingplassar

Campingplassar, vandreheimar og andre liknande verksemdar som tilbyr overnatting har meldeplikt til kommunen etter føreskrift om miljøretta helsevern.

Folkehelseavdelinga har gjort ei kartlegging av denne type verksemd og har så langt registrert 140 verksemdar i 13 kommunar. Kommunane har såleis fulgt opp sitt ansvar både i høve å skaffe seg oversikt over verksemdene og gje informasjon/retteleiing på området.

6. Smittevern

Smittevern har vore ein vesentleg del av informasjons-/retteiingsarbeidet i arbeid med badeanlegg, campingplassar, frisør, hud- og fotpleie, holtaking- og piercing, samt tatoveringsverksemdar. I oppfølgingsarbeidet etter godkjenning av skular og barnehagar har førebyggjande smittevern óg hatt vesentleg fokus.

Avdelinga får også mange spørsmål om ulike konkrete smittevernsaker både frå helsepersonell i kommunane og publikum som vert besvart.

Mal for kommunal smittevernplan er oppdatert og utvida fleire gonger i 2017. Malen er å finne på avdelinga si heimeside. Denne er tilpassa å kunne leggest inn som deldokument til kommunane sine samla beredskapsplanar. Det er gjennomført møter i 6 kommunar i 2017 med informasjon om bruk av planmalen og gjennomgang av kommunen sin smittevernplan med underdokument.

Kommunane er komne ulikt langt i oppdatering av sitt samla beredskapsplanverk. Det er viktig at smittevernplanen i den enkelte kommune vert integrert i samla planverk.

6.1 Tuberkulosekontrollprogram

Nasjonalt er det i løpet av 2017 fleire gonger gjort endringar i anbefalt tuberkuloseprogram for kommunane. Dette ut frå endringar i tilstrøyming av flyktningar og nye risikovurderingar.

Mal for tuberkulosekontrollprogram er difor i fleire rundar oppdatert med nye retningslinjer og linkar til sentrale prosedyrer på Folkehelseavdelinga sine heimesider. Tuberkulosekontrollprogrammet blir gjennomgått i møta med den einskilde kommune.

6.2 Pandemiplan

Det er ikkje gjort arbeid med oppdatering av pandemiplanar i 2017 i påvente av nasjonal rettleiar.

7. Folkehelse/samfunnsmedisin

Avdelinga har ansvar for den overordna førebyggande delen av samfunnsmedisinfeltet. Dette inneber ansvar for overordna planar og prosedyrar, samt å arbeide med felles prioriteringar.

Folkehelseavdelinga ynskjer å auke kunnskapen i kommunane om fagfeltet og vårt arbeid og har hatt ein ny orienteringsrunde med leiinga i kommunane . Felles rådmannsmøter er viktige arena for diskusjon om framdrift og satsingsområder i avdelinga og korleis arbeidet skal implementerast i kommunane. Det har vore gjennomført to møter med rådmennene i 2017.

Folkehelseavdelinga ved prosjektansvarleg har leia arbeidet med å utvikle ein mal for helseoversiktdokumentet som kan nyttast i alle kommunane. Malen vart ferdigstilt i 2015 og er revidert i 2017.

Malen for helseoversiktdokumentet er tilgjengeleg på nettsida <http://www.folkehelseoversikt.no/wiki/index.php/Forside>

Vi har tilbydd hjelp til dei kommunane som vil ha sine lokale helseoversiktdokument lagt tilgjengeleg på nettsida. Så langt er det Flora og Jølster sine helseoversiktdokument som er presentert her. Den nettbaserte WIKI-sida er tilgjengeleg for alle. Oppdatering av lenkene i felles mal vil oppdatere dei same lenkene i kommunedokumenta. Dette kan gjerast av ein person og er såleis svært arbeidsbesparande.

Kommunane har sjølv hatt ansvar for å supplere med lokale data i sitt helseoversiktdokument. Folkehelseavdelinga har i løpet av våren 2017 kontakta alle kommunane og tilbydd hjelp i arbeidet med ferdigstilling av dokumentet. I april 2017 vart det gjennomført eit oppsummerings/evalueringsmøte med fagnettverket. Kommunane vart i dette møtet bedt om å rapportere om status for helseoversiktdokumentet. Mange kommunar hadde då ferdigstilt sine helseoversiktdokument.

Det har vore gjennomført møter med kommuneleiinga der helseoversiktdokumentet har vore tema, korleis dette kan implementerast i kommunane sine styringssystem; planstrategi og samfunnsplan, årsplan og budsjett. Fleire kommunar har behandla helseoversiktdokumentet politisk og fulgt opp med tiltak i vidare arbeid.

Folkehelseavdelinga har tilbydd kommunane hjelp og støtte i høve informasjon til politikarar. Ingen kommunar har så langt invitert oss til slike møter.

Folkehelseavdelinga har vore deltakande i arbeidet med å tilrettelegge for å gjere folkehelsedata lettare tilgjengeleg for kommunane. Fylkesmannen har òg bidrege med midlar til dette arbeidet som starta i 2016. Prosjektleiaren har ved fleire høve orientert om prosjektet i ulike fora og på konferansar ma. Fylkesmannen si regionale plansamling.

Prosjektet har utvikla seg i løpet av perioden. Målgruppa for å kunne nytte seg av tilgjengelege folkehelsedata har utvida seg frå dei 11 kommunane som Folkehelseavdelinga har ansvar for, til å omfatte alle kommunane i fylket . I tillegg til Helse Førde; Samhandlingsbarometeret har fleire samarbeidspartar har kome til, ma Fylkesmannen, fylkeskommunen og Høgskulen på Vestlandet.

Samhandlingsbarometeret har allereie idag tilrettelagt for ein rekke indikatorar på folkehelse på: <https://statistikk.samhandlingsbarometeret.no/webview/>. Dette arbeidet pågår for fullt framover.

Når vi kjem i mål med samarbeidsprosjektet og får samla analyserte og fagleg vurderte folkehelsedata samla ein stad, vil det kunne gje gevinst i framtida. Samtidig vil det vere ein viss kostnad knytt til utarbeiding og drift vidare.

Folkehelseavdelinga vil følgje opp arbeidet mot dei kommunane som vi har ansvar for. Dette vil føregå i arbeid med overordna planar, samt budsjett og handlingsprogram.

Våre erfaringar så langt er at arbeidet med både helseoversiktsdokumentet og folkehelsedata er omfattande og tek tid. Nokre kommunar har utfordringar med å få gode, tverrfaglege prosessar på både oversiktsarbeidet og det vidare arbeidet med folkehelse i plan. Vår intensjon er at det strategiske folkehelsearbeidet skal bli lettare, betre og meir kvalitetssikra. Det er eit mål at vi får rigga eit godt system i fylket for hente kvalitetssikra folkehelsedata. Dette trur vi vil lette arbeidet med å revidere helseoversiktsdokumentet. Meir systematikk rundt dette arbeidet vil truleg òg bidra til at helseoversiktsdokumentet vert meir brukt i i det strategiske folkehelsearbeidet i kommunane. Vi ser at det er behov for at nokon "har tråden" i dette arbeidet, då det er krevande å gjere dette for den enkelte kommunane. Vårt mål er at det i framtida vert laga gode system på dette slik at det strategiske folkehelsearbeidet lokalt vert styrka.

8. Plan for 2018

- Ny tilsynsrunde på skular og barnehagar som hadde tilsyn i 2013 og 2014
- Gjennomføre temadagar i alle kommunane knytt til tilsyna
- Ajourføre alle avvik på skule og barnehagar
- Ferdigstille tilstandsrapport for skular og barnehagar i Nordfjord
- Hjelpe med implementering av folkehelseutfordringar i kommunale planar.
- Fortsette samarbeidet om å få samla kunnskapsbaserte og vurderte folkehelsedata
- Vidare tilby hjelp til kommunane i arbeidet med helseoversiktdokumentet, òg som WIKI-dokument
- Vidareutvikle den nettbaserte sida www.folkehelseoversikt.no
- Oppfølging av det overordna smittevernarbeidet i kommunane
- Gjennomgang av kommunal smittevernplan og hjelp med implementering av denne i kommunen sin beredskapsplan
- Informasjon og opplæring av helsepersonell i bruk av smittevernplan
- Forløpande behandle saker som kjem til